



Hildegunn Elisabeth Fauske
Melandsvegen 81
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2404 - 16/18591

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
27.09.2016

GBNR 12/14 - Førespurnad om bruk av eigedomen

Administrasjonen viser til vedlagt brev til tidlegare eigar av gbnr 12/14 i samband med søknad om bruksendring av fritidsbustaden på eigedomen til heilårsbustad. Det er ikkje registrert noko svar frå tiltakshavar på dette brevet og søknaden har ikkje vore slutthandsama. Saka er no arkivert som avslutta.

I nemnde brev informerte kommuneadministrasjonen om krav og vilkår for bruksendring frå fritids- til heilårsbustad. Kommunen er i ettertid blitt merksam på at eigedom er overført til dykk og at du i Skatteetaten sitt folkeregister er registrert som fastbuande på bustadsadressa Melandsvegen 81. Kommunen har ikkje gitt løyve til bruksendring av bygget.

Meland kommune ber på denne bakgrunn opplyst om Melandsvegen 81 blir nytta som dykkar faste bustadsadresse. Dersom det er rett må bruken avviklast, med mindre det blir søkt om og godkjent dispensasjon og løyve til bruksendring, jf Plan- og bygningsloven § 20-1, jf § 19-2. Søknad om bruksendring må sendast inn av føretak med ansvarsrett.

Frist for tilbakemelding blir sett til **21.10.2016**.

Administrasjonen gjer merksam på at eventuell bruk i strid med gjeldande godkjenning kan følgjast opp av kommunen i medhald om Plan- og bygningsloven kapittel 32 (ulovlege byggetiltak).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 12-14 - Manglar ved søknad frå 2012 - Avslutta sak

